



Vakkert? Kor er dette?

Kor er dette?

Då set vi inn innspurten i årets julekonkurransen. I morgon vert den avslutta med mulighet for 3 poeng. I dag er vi tilbake til heimlege trakter, og vi spør kor biletet vårt er frå.(Klikk på biletet så vert det større)

Bli med på ein skikkeleg innspurt. Det er altså framleis mogeleg å sikra seg 4 poeng. Så det er enno gode sjansar for både 5 Flax-lodd og heiderleg omtale:

Send inn svaret ditt og **namn på innsendar** som sms til 932 88 237 eller som epost til uskedalen.no@gmail.com innan 30.12. kl.23.59. Lukke till!

HUGS NAMN!

I går var vi vitne til knallgod jobbing. Statestikkmodulen over innhaldsregisteret vårt fortel at nokre la ned svært stor innsats. Eit døme var innom 326 sider og heldt med det på i 1 time og 59 min. Ved å søkja på 'Jørgen' eller 'Moberg' var ikkje vegen så lang til Therese Johaug. Dei to andre var Marit Bjørgen og Vegard Døssland, og biletet var teke etter ei hard treningsøkt med motbakkeintervallar i Oslo tidleg i haust.

Det var også mange andre gode framlegg. Ingebjørg Haugland var brennheit, og i tillegg var både Lisbeth Stensletten, Kaja Døssland og Elisabeth Sæle gode kandidatar. Svært kjekt var det at den yngre garde gjorde det godt på denne runden.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland



Thomas, Therese, Jørgen, Marit og Vegard etter ei god treningsøkt.